FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57643140
E-post: fmsfghe@fylkesmannen.no

Vår dato	Vår referanse
23.11.2011	2006/5482 - 542.1
Dykkar dato	Dykkar referanse

Osland Havbruk AS

5962 BJORDAL

Oversending av nytt løyve etter ureiningslova for lokaliteten 23375 Sørevik i Høyanger kommune – utviding til 3120 MTB

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve nytt løyve etter ureiningslova for utviding av matfiskanlegg ved Sørevik til 3120 tonn MTB. Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer med som vedlegg. Frist for å gjennomføre neste C-undersøking er 1.7.2012. Gebyr for behandling av søknaden er varsla til kr.19 200,-

Vi viser til ikkje datert søknad, oversendt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 22.4.2010 og komplettert med kommunen sin uttale 28.12.2010/ 4.3.2011/ 22.11.2011 og siste miljøgransking og straummåling 21/22.11.2011. Det blir søkt om utviding av merdanlegg for laksefisk frå 2405 til 3120 tonn maksimal tillaten biomasse (MTB) på lokaliteten Sørevik i Høyanger kommune.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve nytt løyve etter ureiningslova for matfiskproduksjon av laksefisk i merd, på visse vilkår. Løyve med vilkår følgjer vedlagt. Merk også at vedlegga til løyvet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Vi ber om at vedlegget om "orientering til fylkesmannen" blir returnert hit så snart som råd.

Vi gjer merksam på at løyvet først tek til å gjelde dersom anlegget får løyve etter akvakulturlova. Gjenpart av dette løyveskrivet blir difor også send til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkesmannen har ved avgjerda av om løyve skal gjevast og ved fastsetjinga av vilkåra lagt vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanhalde med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre med seg. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen vidare lagt til grunn kva ein kan nå med beste tilgjengelege teknikkar.

Saksframstilling

Bakgrunn

Osland Havbruk AS fekk i 2003 utsleppsløyve for matfiskproduksjon av laksefisk ved Brennsæter i Høyanger kommune, med ei produksjonsgrense på 12 000 m^3 (tilsvarande 780 tonn MTB). Løyvet vart utvida til 2405 tonn MTB i 2006. Namnet på lokaliteten vart endra til Sørevik i 2009.

Kort omtale av saka

Osland Havbruk AS søkjer no om auka biomasse og endra anleggsplassering på lokaliteten Sørevik. Omsøkt produksjonsvolum er 3120 tonn MTB, årsproduksjonen er stipulert til 4000

tonn, og forventa fôrforbruk til 5200 tonn. Anlegget består av 12 ringar fordelt på to rekkjer som ligg i aust-vestleg retning, og skal flyttast litt mot nordaust for å oppnå større djupne under anlegget og betre straumtilhøve.

Det er ikkje vedteken nokon arealplan for sjøområda i Høyanger, men det er laga ein temaplan for akvakultur (2011-2015). Denne planen ser på konfliktvurderingar i høve til eventuelle nye etableringar, men omtalar berre kort eksisterande lokalitetar utan nærmare føringar for desse. Det har kome inn ein merknad til søknaden frå Norges Miljøvernforbund, som viser til generelle negative verknader frå oppdrett i høve til ureining og villaks, sjøaure og villfisk elles. Høyanger kommune har handsama søknaden 17.12.2010, og tilrår søknaden.

Tilhøve som gjeld ureining og omsyn til natur- og miljøverdiar er teke med som grunnlag for Fylkesmannen si vurdering av om det kan gjevast løyve etter ureiningslova, kva for vilkår som skal setjast for løyvet og i vår fråsegn til fylkeskommunen om konfliktar i høve til natur- og miljøverdiar.

Miljøpåverknad frå anlegget

Akvakulturanlegg kan påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikaliar og avfall/ farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle ureiningsfare.

Dei utsleppa til vatn som eit anlegg har, må kunne omsetjast av naturen etter kvart for å ikkje overbelaste miljøet. Akvakulturanlegg er difor pålagt hyppig miljøovervaking på lokaliteten gjennom akvakulturdriftsforskrifta (B-undersøkingar etter NS 9410), og har vanlegvis også vilkår i løyvet etter ureiningslova om meir omfattande granskingar av resipienten med jamne mellomrom (C-undersøkingar, m.m.) i tillegg.

Lokaliteten Sørevik ligg utanfor Brennsæter/ Sørevik på sørsida av Sognefjorden i Høyanger kommune. Botnen i vika er i følgje kartlegging av djupnetilhøva litt kuppert og skrånande nordover, med djupner frå om lag 50 meter under austlegaste hjørnet av anlegget til over 140 meter under midtre del av nordsida av anlegget. Botnen skrånar elles vidare ut til over 1260 meter midtfjords i Sognefjorden.

Straumtilhøva ved lokaliteten er undersøkt i 2002 (Sub Aqua Tech) og 2010 (AkvaVet Gulen):

Målingane frå juni 2002 er gjort på “innsida” av anlegget, noko grunnare enn anlegget skal ligge no. Både vassutskiftingsstraumen (5m) og spreiingsstraumen (34m) vart målt til å gå hovudsakleg mot nordaust, men også litt mot sørvest. Målingane viste relativt svak gjennomsnittleg straumstyrke ved begge djup, med ein del straumsvake periodar. Konsulenten ventar likevel tilfredsstillande spreiing av partiklar frå anlegget. Botnstraumen er ikkje målt.

Målingane frå september-oktober 2010 er gjort på kvar si side av anlegget (“innsida” og “utsida”), med målingar på 5 og 15 meter på begge stader. Det er ikkje målt straum vidare nedover i vassøyla. Alle målingane viser vasstransport som i hovudsak fordeler seg mellom sørvest og austleg retning, med ei viss overvekt mot sørvest. Straumhastigheten er vesentleg sterkare enn ved målingane frå 2002.

Det er gjort i alt fire resipientgranskingar av typen B-undersøking etter NS 9410, som alle viser at botnen i hovudsak består av hard stein- og fjellbotn med lite sedimentering, eventuelt med mindre mengder fin sand oppå. Resultata har vore:

Juni 2002 (Sub Aqua Tech), før etablering av anlegget: Berre hardbotnprøver utan nok materiale til fullgod tilstandsvurdering av sedimenttilstand. Alle prøvepunkt og lokaliteten totalt sett vart vurdert til beste tilstand 1.

Februar 2007 (Sub Aqua Tech), på slutten av ein produksjonssyklus: Undersøkt litt lenger ut/ djupare enn i 2002. Berre hardbotnprøver utan nok materiale til fullgod tilstandsvurdering av sedimenttilstand. Alle prøvepunkt og lokaliteten totalt sett vart vurdert til beste tilstand 1.

Februar 2009 (Sub Aqua Tech), etter 3-4 månaders brakklegging: Over halvparten av prøvane var utan nok materiale til fullgod tilstandsvurdering av sedimenttilstand, elles rein, lys sand blanda med skjelsand/ stein. Eitt prøvepunkt med snev av organisk materiale oppå sedimentet. Alle prøvepunkt og lokaliteten totalt sett vart vurdert til beste tilstand 1.

September 2010 (Sub Aqua Tech), like etter utslakting: Ein prøve med luktande, boblande oppdrettsslam med dårlegaste tilstand 4, ein prøve med tilstand 2, og resten med tilstand 1 (herav tre prøver med tom grabb eller for lite materiale til å måle på). Fire av prøvene inneheld "ein god del" av den svært ureiningstolerante børstemarkarten *Malacoceros*, og to prøver hadde ikkje dyreliv. Det vert konkludert med beste middeltilstand 1 på lokaliteten samla sett:

> *"Undersøkinga i denne rapporten synte markert påverknad av organisk materiale ved enkelte av prøvestasjonane om lag to veker etter at anlegget var heilt tomt for fisk. Det er likevel grunn til å tru at botnen i desse områda vil vende tilbake til bortimot naturtilstand i løpet av 2-3 månader. Resultata frå undersøkinga i denne rapporten vurdert saman med resultat frå tidlegare undersøkingar gjev klar indikasjon på at lokaliteten har god resipientkapasitet ved noverande produksjonssyklus med maksimal biomasse på 2300-2500 tonn og om lag 6 månaders brakkleggingsperiode.*
>
> *Denne undersøkinga i Sørevik synte markert påverknad i sedimentet ved nokre få av prøvestasjonane men totalt sett var lokaliteten lite til minimalt påverka etter ein avslutta produksjonssyklus med maksimal biomasse på om lag 2300 tonn i mai. Ut frå undersøkingane frå 2002 og fram til no syner lokaliteten ved Sørevik god resipientkapasitet og toler godt dagens produksjonssyklus (produksjonsintensitet og brakkleggingsperiodar)."*

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for avgjerda

Vassforskrifta

Miljøtilstanden i alt vatn skal i følgje *forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) oppretthaldast på eit godt nivå, og vernast mot forringing. Ny påverknad i form av nye utslepp (eller auka utslepp) kan i hovudsak berre skje dersom vassførekomstane ikkje får redusert sin økologiske miljøtilstand. Vassforskrifta er førande for Fylkesmannen sine vurderingar av om nye eller endra løyve etter ureiningslova for verksemd med utslepp til vatn kan gjevast, og for enkelte av vilkåra som vert sett i utsleppsløyva.

Lokaliteten Sørevik ligg i den beskytta kyst/fjord-vassførekomsten *Sognefjorden (ID-nr 0280020100-1-C i Vann-nett*[1]). Dette er ein svært stor vassførekomst, som femnar heile Sognefjorden (utan sidearmar) frå terskelen mot Sognesjøen og Tollesundet, og inn til

[1] http://vann-nett.nve.no/Saksbehandler/?wbid=0280020100-1-C

fjorden deler seg i Årdalsfjorden og Lustrafjorden. Denne vassførekomsten er ikkje ferdig tilstandsklassifisert/karakterisert, men ei førebels vurdering tyder på ein god miljøtilstand.

Søknaden er vurdert i høve til føringane i vassforskrifta. Etter vår vurdering er det ikkje noko som tyder på at den omsøkte oppdrettsaktiviteten, med dei vilkåra som er sett, vil føre til endring av tilstandsklassa i vassførekomsten totalt sett.

Verknad på resipient og menneske si helse

Det er søkt om ei utviding med 715 tonn MTB, til 3120 tonn MTB, på lokaliteten Sørevik i Sognefjorden. Sognefjorden er ein svært stor resipient med generelt god vassutskifting. Miljøgranskingane som er vedlagt søknaden syner samla sett tilfredsstillande miljøtilhøve i omsøkt anleggsområde. Enkeltprøver med dårleg/redusert miljøtilstand i den siste B-undersøkinga gjev likevel signal om at delar av lokaliteten kan ha vore på veg mot å nå miljøet si toleevne. Auken i MTB som er søkt om er etter måten liten, og ei flytting av anlegget slik at straumtilhøva vert betre med omsyn til spreiing av utsleppa frå produksjonen, kan gje jamnare fordelt belastning på miljøet. Vi har ikkje opplysningar som tilseier at miljøtilstanden i dag er til hinder for utviding som omsøkt.

Ved sida av resipientvurderingar, er det eit viktig prinsipp i vår sakshandsaming at beste tilgjengelege teknikkar skal takast i bruk for å førebyggje ureining. Det vert difor stilt ei rekkje krav (vilkår for løyvet) som gjeld drifta ved anlegget, for å halde utsleppa på akseptable nivå – gode driftsrutinar gjev mindre utslepp. Føremålet med å setje vilkår for løyvet er å mest mogleg hindre, minimalisere og førebyggje skade og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemda. Dette gjeld for både støy, lukt og anna ureining. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land. I vilkåra er det sett krav til miljøtilstanden i resipienten.

Fylkesmannen si vurdering etter ureiningslova er at dei samla miljø- og helsemessige konsekvensane av utslepp frå akvakultur ved lokaliteten Sørevik, med dei vilkåra som er sett, vil vere akseptable.

Produksjonsforhold og drift

Eit flytande akvakulturanlegg har ikkje reinse- eller oppsamlingsmoglegheit for utsleppa som følgjer av produksjonen i form av overskotsfôr, ekskrement frå fisken, kjemikalie- og legemiddelbruk, osb. og utsleppet må difor regulerast på "innsatssida". Utsleppa frå anlegget er indirekte regulert gjennom å setje ei ramme for produksjonen, setje utsleppsreduserande vilkår til drifta, og setje krav til at miljøtilstanden i resipienten skal oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå.

Løyvet omfattar ikkje slakting, sløying eller pakking av fisk. Løyvet omfattar heller ikkje vask og impregnering av nøter, dersom det vert nytta miljøskadelege kjemikaliar.

I vilkår 3 er det sett krav om at ein berre kan nytte tørrfôr, for å minske utslepp som følgje av fôringa. Det er også sett krav om at død fisk skal takast opp av merdane før den går i oppløysing. Organisk avfall kan utnyttast som ein ressurs og skal difor takast vare på. Fisk som går i oppløysing utgjer ei dårleg utnytting av ressursar og ei tilleggsbelastning på miljøet i resipienten.

Lysregulering av veksttilhøve er i mange høve til fordel for effektiv produksjonsauke. Slik lysbruk som ikkje er avskjerma har samstundes vist seg å kunne vere til stor ulempe for nabolag. Kravet om lysavskjerming i vilkår 5 må difor sjåast i samanheng med § 11, 4. ledd i ureiningslova.

Førebyggjande tiltak mot ureining

Omtalen i vilkår 8 om miljørisikoanalyse presiserer plikta verksemda har etter internkontroll-forskrifta, og gir føringar for kva internkontrollen i høve omsynet til det ytre miljøet bør leggje vekt på.

Miljøtilstand og overvaking

Verksemda pliktar å skaffe så godt oversyn som praktisk mogleg over eigne utslepp, og verknadene av utsleppa. Overvaking av miljøtilstand og mogleg endring av tilstanden i resipienten vil avgjere om utsleppa er forsvarlege også i framtida.

Det er sett krav til at miljøtilstanden i resipienten skal oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå og at dette skal overvakast jamleg (vilkår 10). Det vil seie at verksemda må etablere eit program som dokumenterer at utsleppet er forsvarleg, både i høve til overflatelag og stranda i nærområdet til anlegget, og fjorden/sjøbotn elles. Det er i tidlegare løyve, både i 2003 og i 2006, sett krav om resipientgransking av typen C-undersøking etter NS 9410. Dette er ikkje gjennomført. Fristen i førre løyve var ved slutten av første produksjonsperiode med utvida produksjon, men seinast 31.6.2011. Kravet vert vidareført med kort frist i dette løyvet, innan 1.7.2012. Vi gjer merksam på at det kan bli gjort vedtak om tvangsmulkt for å sikre at undersøkinga vert gjennomført innan denne fristen.

Undersøkingsnivået må tilpassast miljøtilstanden, og må ha eit klårt fokus på at granskingane har som formål å dokumentere miljøeffektar av utsleppa frå anlegget, utstrekninga til effektane, og utviklingstrendar. Granskingane skal elles vere tilpassa utsleppa verksemda har, og ein kan samarbeide med andre som har utslepp til same område.

Resultatet av overvåkinga kan føre til at verksemda utan særskilt pålegg frå ureiningsstyresmakta pliktar å tilpasse drifta til resipientkapasiteten ved t.d. redusert drift eller lengre brakklegging mellom utsett.

Avfall

Avfall skal handterast på forsvarleg måte slik at det ikkje oppstår fare for ureining eller kan verke skjemmande. Alt avfall som verksemda sjølv ikkje kan utnytte eller gjenbruke skal leverast vidare til godkjent mottak. Det er berre fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif, tidlegare SFT) som kan godkjenne nærare kven som kan ta imot avfall. Nokre sentrale krav er presiserte i vilkåra, men det vert streka under at både ureiningslova og avfallsforskrifta (jf. spes. kap. 11 om farleg avfall) set fleire krav til avfallshandteringa enn det som er omtalt her.

Tvilsspørsmål må takast opp med fylkesmannen. Dumping av død fisk eller anna avfall i sjø, nedgraving på land eller brenning er *ikkje* tillate.

Dersom det er nødvendig med slamfjerning frå sjøbotn må det søkjast om eige løyve til dette frå fylkesmannen. Ev. søknad må vere skriftleg og må innehalde omtale av m.a. korleis slammet er tenkt teke opp, transportert og disponert. Grunna smittefaren må også veterinærstyresmaktene varslast. Oppsamla slam skal om mogleg nyttast til gjødsel/jord-forbetringsmiddel, og må i så fall handsamast i høve til gjeldande regelverk på dette området.

Notvask

Det er forbode å sleppe ut miljøskadelege kjemikaliar under vask og impregnering av oppdrettsnøter, jf. ureiningsforskrifta. Det er gjort visse unnatak for reingjering av not på sjølve oppdrettslokaliteten. Dette gjeld grovreingjering før nota vert fjerna frå anlegget eller nota blir ståande/sett ut i sjøen igjen utan å påførast impregnering.

For nøter som ikkje inneheld miljøskadelege kjemikaliar, og det ved vask/ impregnering heller ikkje blir nytta miljøskadelege midlar, vil nøtene kunne vaskast og re-impregnerast på oppdrettslokaliteten dersom dette skjer på ein slik måte at miljøet ikkje blir påverka i særleg grad. Blir utsleppa vurdert som lite miljømessig forsvarlege, må utsleppa reinsast og restane av groe handsamast som avfall. Det er verksemda sitt ansvar å halde seg oppdatert på kva for kjemikaliar som blir definert som miljøskadelege.

Ved vask/reingjering av nøter på oppdrettslokaliteten vil begroingsrestane søkke til botnen på staden, og utsleppa vil komme som tilleggsbelastning på resipienten, i tillegg til dei andre utsleppa frå oppdrettsanlegget (fôrspill, fekaliar, osb).

Risikoklasse

Etter ei samla vurdering av risikopotensialet ved denne typen verksemder, og opplysningane som ligg føre om utsleppa, utsleppsstaden og miljøtilstanden i resipienten, finn Fylkesmannen det rett å klassifisere verksemda i risikoklasse 4, jf. § 39-3 i ureiningsforskrifta. Risikoklassifiseringa er eit uttrykk for ureiningspotensialet som føreligg, og er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko.

Plasseringa i risikoklasse har ikkje noko direkte praktisk å seie for verksemda no, men vil gje føringar for den rutinemessige formelle kontakten mellom Fylkesmannen og verksemda framover. Klassifiseringa har m.a. innverknad på kor ofte Fylkesmannen er venta å gjennomføre tilsyn med verksemda, samt gebyrsatsen for tilsyn.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (nml.) inneheld ei rekkje miljøfaglege prinsipp (§§ 8-12) som skal leggjast til grunn ved all offentleg sakshandsaming:

§ 8 om kunnskapsgrunnlaget
§ 9 om føre-var-prinsippet
§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning
§ 11 om tiltakshavar betaler
§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

I tillegg til utsleppa av næringsstoff og organisk stoff, gjev lakselus og skader i økosystemet på grunn av rømt laksefisk belastning på omgivnaden til akvakulturanlegg. Lakselus og rømming frå akvakulturanlegg skal regulerast av anna lovverk enn ureiningslova. Vi har difor ikkje lagt desse miljøproblema til grunn for vår vidare vurdering av om nytt utsleppsløyve på lokaliteten Sørevik kan vere forsvarleg i høve til naturmangfaldlova.

Fylkesmannen si vurdering er at søknaden er godt nok opplyst til at vi kan handsame saka etter ureiningslova, jf. nml. §§ 8-10. Vi finn at nytt løyve etter ureiningslova for utslepp av næringssalt, organisk stoff og kjemikaliar/legemidlar frå akvakultur ved lokaliteten Sørevik, med dei vilkåra som er sett (jf. nml. § 12), ikkje vil vere i strid med føringane som er gitt i naturmangfaldlova.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold har Fylkesmannen kome til at det kan gjevast nytt løyve etter ureiningslova, på nærare spesifiserte vilkår.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Internkontroll for ytre miljø	d.d.	2.4, og Internkontrollforskrifta
Returnere utfylt ansvarsskjema	straks	2.4
Miljørisikoanalyse, dersom ikkje gjort før	straks	8.1
Ha etablert beredskap mot akutt ureining	d.d.	8.3
Gransking av resipient, C-undersøking	Innan 1.7.2012, deretter minst kvart 5. år	10
Strandsonesynfaring	jamleg	10
Substitusjon av kjemikal	jamleg	2.7, og Produktkontrollova § 3a
Oversikt over miljøpåverknad frå aktiviteten	kontinuerleg	9, 10 og Miljøinformasjonslova

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og løyvet.

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Jamvel om utslepp vert halde innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkelig er sett grenser for gjennom særskilte vilkår.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å stette alle relevante krav i ureiningslova og produktkontrollova med forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av

dei mest relevante forskrifter er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan være aktuelle for verksemda, viser vi til www.regelhjelp.no .

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrollova samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Ved avvik frå løyvet eller ureiningslova kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak for å rette opp avvik, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73, eller sørgje for igangsetjing av tiltak jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda, som t.d. lovgjevinga for akvakultur, arbeidsmiljø, m.m.

Eit løyve etter ureiningslova avgrensar ikkje på nokon måte andre, privatrettslege nærings- eller grunneigarrettar som nokon måtte ha i omsøkt område. Eventuell etablering og oppstart av omsøkt produksjon bør difor berre skje dersom søkjar elles har sikra at det ikkje er konflikt med andre private rettar.

At ureininga er tillete, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Varsel om gebyrbetaling

Ureiningsforskrifta kapittel 39 inneheld gjeldande regelverk i høve til innkrevjing av gebyr for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve etter ureiningslova og oppfølging av dette (tilsyn). Forskrifta tok til å gjelde 1.1.2007.

Søknaden om utviding av matfiskanlegg er løyvearbeid etter ureiningslova som det skal betalast gebyr for. På grunnlag av arbeidsmengda som søknad om nytt løyve medfører for Fylkesmannen, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til sats 4 (lågaste sats), jf. ureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Det vil seie at det skal betalast eit gebyr på kr 19 200,- (satsen ved søknadstidspunktet).

De har høve til å komme med merknader til gebyrvarselet innan to veker frå varselet vart motteke. Vedtaket om gebyrsats vil så bli sendt verksemda i eige brev, og faktura vert sendt ut av Klif.

Klagerett

Vedtaket eller vilkår i løyvet og plassering i risikoklasse kan klagast på til Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif, tidlegare SFT) av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande

fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. NB! Denne trevekersfristen tek først til å gjelde etter at avgjerda frå fylkeskommunen i høve til akvakulturlova er klar. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, med kopi til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Klif kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om saksbehandlingsreglar og andre reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjering av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i "forskrift om begrensning av ureining (forurensningsforskriften)"; kapittel 36 "Behandling av tillatelser etter forurensningsloven". Den som har fått løyvet skal kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og fristen for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Fylkesmannen.

Vedtaket vert i tillegg kunngjort på Fylkesmannen sine nettsider, www.fmsf.no .

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Gunn Helen Henne
overingeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Vedlegg
1 Osland Havbruk AS - løyvedokument lok Sørevik 3120 tonn MTB -
2 Skjema "Orientering til fylkesmannen…"
(utfylt skjema skal sendast i retur til Fylkesmannen)

Kopi til
Sogn og Fjordane fylkeskommune (elektronisk dokumentutveksling, EDU)
Mattilsynet, DK for Sunnfjord og Ytre Sogn (e-post)
Fiskeridirektoratet, Region vest (e-post)
Høyanger kommune (elektronisk dokumentutveksling, EDU)
Norges Miljøvernforbund (e-post)

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Løyve etter ureiningslova til Osland Havbruk AS – lok. 23375 Sørevik

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i ikkje dagsett søknad oversendt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 22.4.2010 samt opplysningar framkome under behandlinga av søknaden.

Løyvet gjeld frå dato for løyve etter akvakulturlova frå fylkeskommunen.

Løyve etter ureiningslova gjeld på dei vilkåra som er gjevne i dette dokumentet. Forklaring til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet.

Med heimel i § 18 i ureiningslova erstattar dette løyvet tidlegare løyve dagsett 9.5.2006 til Osland Havbruk AS for matfiskproduksjon på lokaliteten Brennsæter i Høyanger kommune.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha innverknad på miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 2 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet, slik som attendetrekking eller utferding av nytt løyve.

Verksemddata

Verksemd	Osland Havbruk AS	
Akvakulturlokalitet[1]	23375 Sørevik	
Postadresse	5962 Bjordal	
Kommune og fylke	Høyanger i Sogn og Fjordane	
Org. nummer	920 002 218 (føretaksnr.)	971 830 824 (bedriftsnr.)
NACE-kode	03.211 Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	
NOSE-kode	110.18.00 – Akvakultur	

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	Risikoklasse[2]
06/5482 – 542.1	1416.0059.01	2011.252.T	Akvakultur	4

Kartreferanse (UTM sone 32 (EUREF89))	323840 6778330	Kartblad	1217-3 (32V)
REGINE (vassdragsnummer)	069.6	Kystsone	02.80.02.01.00

Løyve gitt: 23.11.2011		
Gøsta Hagenlund assisterande fylkesmiljøvernsjef		Gunn Helen Henne overingeniør

[1] Jf. akvakulturregisteret, http://www.fiskeridir.no/register/akvareg/

[2] Jf. ureiningsforskrifta kap. 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter ureiningslova

Innhald

1. Produksjonsforhold 3
2. Generelle vilkår 3
2.1. Utsleppsavgrensingar 3
2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg 3
2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold 3
2.4. Internkontroll 3
2.5. Føre-var-prinsippet, beste tilgjengelege teknikkar og utskifting av utstyr 4
2.6. Nærmiljø 4
2.7. Testing og substitusjon av kjemikal og råstoff 4
2.8. Eigarskifte, namneendring 5
2.9. Nedlegging eller lengre driftsstans 5
3. Utslepp til vatn 5
3.1. Utsleppsmengder 5
3.2. Utsleppsreduserande tiltak 5
3.2.1. Fôring 5
3.2.2. Dødfiskopptak 6
3.2.3. Oljehaldig avløpsvatn 6
4. Lukt 6
5. Lys 6
6. Støy 6
7. Avfall 7
7.1. Generelle krav 7
7.2. Organisk produksjonsavfall 7
7.3. Medisin og kjemikalrestar 7
8. Førebyggjande tiltak og beredskap mot akutt ureining 8
8.1. Miljørisikoanalyse 8
8.2. Førebyggjande tiltak 8
8.3. Etablering av beredskap 8
8.4. Varsling av akutt ureining eller unormale driftstilhøve 8
9. Miljøinformasjon. Journalføring 9
10. Miljøtilstand og overvaking av resipient. Rapportering til Fylkesmannen 9
10.1. Krav til miljøtilstand 9
10.2. Krav til overvaking 9
10.3. Rapportering til Fylkesmannen 10
VEDLEGG 1 11
Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1. 11
VEDLEGG 2 12
Definisjonar 12

1. Produksjonsforhold

Løyvet gjeld ureining frå merdbasert akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på lokaliteten Sørevik i Høyanger kommune. Løyvet er utarbeidd på grunnlag av ein maksimal tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn. Ramma gjeld den samla produksjonen på lokaliteten.

Ved endringar i høve til dette skal verksemda søke om endring av løyvet.

2. Generelle vilkår

2.1. Utsleppsavgrensingar

Utsleppskomponentar som ikkje er uttrykkjeleg regulert i løyvet, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om utsleppa var gjort kjent i samband med sakshandsaminga, eller må reknast som kjent på annan måte då løyvet vart gjeve. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1. Slike utslepp er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

All ureining frå verksemda er isolert sett uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa sine, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

For utslepp som er proporsjonale med produksjonsmengd, skal eventuell reduksjon av produksjonsnivået i høvet til det som er lagt til grunn i søknaden medføre ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.3. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka ureiningsfaren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få ureiningsmessig følgje. Akutt ureining skal varslast i høve til pkt 8.4.

2.4. Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere ein internkontroll i høve til gjeldande forskrift om dette[3]. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemda etterlever krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til ureining og kunne gjere greie for risikotilhøva i anlegget. Dei tilsette må ha god kunnskap om moglege utslepp, og må arbeide aktivt gjennom eigen internkontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utslepp kan skje.

Verksemda skal ha ein representant på anlegget som er ansvarleg i høve til krava i dette løyvet og generelle krav i ureiningslova med forskrifter, samt skal syte for overvaking og vedlikehald av internkontrollen når det gjeld det ytre miljøet. Den ansvarlege for løyvet skal

[3] Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)

før produksjon vert starta opp, returnere utfylt skjema til Fylkesmannen (jf. vedlegg "orientering til Fylkesmannen". Endringar i opplysningane i skjemaet skal straks meldast til fylkesmannen ved innsending av nytt skjema[4] eller på e-post til fmsfpost@fylkesmannen.no

2.5. Føre-var-prinsippet, beste tilgjengelege teknikkar og utskifting av utstyr

Verksemda skal etterleve ureiningslova sitt føre-var-prinsipp for å redusere miljøpåverknaden av drifta og forbruket av ressursar. Dette gjeld for alle interne driftsprosessar i verksemda.

Verksemda pliktar som del av sin internkontroll å halde seg oppdatert på dokumentasjonen som finst for bransjen når det gjeld beste tilgjengelege teknikkar (BAT)[5]. Anlegget skal bruke beste tilgjengelege teknikkar så langt råd, når dette ikkje medfører urimelege kostnader.

Dersom verksemda planlegg utskiftingar av utstyr som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, er det meldeplikt til Fylkesmannen[6].

2.6. Nærmiljø

Den ansvarlege skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta vert redusert til eit minimum.

Alt av innsatsstoff, kjemikal, medisin, avfall, m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare ved anlegget eller landbasen, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Sikringa kan m.a. vere tilstrekkeleg inngjerding/ innebygging, container eller tett lagertank.

Alle lagertankar for flytande tilsatsstoff, innsatskjemikal eller avfall som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal sikrast mot overfylling og lekkasje. Dersom tankvolumet har større kapasitet enn 1 000 liter skal sikringa minst ha oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på tanken pluss maksimalnedbør siste veke.

2.7. Testing og substitusjon av kjemikal og råstoff

Kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal vere testa med omsyn til nedbrytbarheit, toksisitet og bioakkumulerbarheit. Berre laboratorium som er godkjent i høve til Good Laboratory Practice (GLP) og/eller akkreditert i høve til NS-EN/IEC 17025:1999, kan nyttast til uttesting.

Verksemda pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikal. Det skal gjennomførast jamlege vurderingar av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikal og innsatsstoff som vert nytta, og av om det finst alternativ. Skadelege effektar

---

[4] Skjemaet ligg ute på våre nettsider http://www.fmsf.no

[5] Omgrepet BAT ("best available techniques") er i utgangspunktet knytt til verksemder som er omfatta av EU sitt IPPC-direktiv (direktiv 2008/1/EC om "integrated pollution prevention and control"), som akvakultur førebels ikkje er omfatta av. Ureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på ureiningsområdet: *"For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater."* Forslag til BAT-dokumentasjon for akvakultur ligg føre per i dag, til dømes frå Nordisk Ministerråd, jf. rapporten TemaNord 2005:528, *Beste tilgjengelige teknikker for fiskeoppdrett i Norden* (2005).

[6] Jf. ureiningslova § 19.

knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst meir miljøvenlege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe[7].

2.8. Eigarskifte, namneendring

Dersom verksemda vert overført til ny eigar, skal Fylkesmannen ha melding så snart som mogleg og seinast 1 månad etter eigarskiftet. Dette gjeld også ved namneendringar for verksemda.

2.9. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom eit anlegg vert nedlagt eller stansar for ein lengre periode, skal den ansvarlege gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining, mellom anna skal farleg avfall handterast i høve til gjeldande forskrift[8].

Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gjevast melding til Fylkesmannen. Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Dersom den ansvarlege ønskjer å starte på nytt, skal det gjevast melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt. Ved oppstart skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden settast i miljømessig tilfredsstillande stand før ny aktivitet kan starte opp.

3. Utslepp til vatn

3.1. Utsleppsmengder

Utsleppa til vatn skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogleg.

Det er ikkje sett direkte utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av organisk stoff, næringsstoff, kjemikal og legemidlar m.m. frå produksjonen. Utsleppa er indirekte avgrensa gjennom ei produksjonsramme (pkt. 1), krav til drifta (pkt. 2 og 3.2) og krav til miljøtilstanden i resipienten (pkt. 10.1).

Utslepp av miljøskadelege kjemikal (i hovudsak koparsambindingar) frå notimpregneringsmiddel som følgje av utlekking frå impregnerte nøter i bruk på lokaliteten, grovspyling av nøter som står i sjøen, eller grovspyling ved notskift, er tillate. Utslepp av miljøskadelege kjemikal som følgje av ordinær notvask og/eller impregnering av nøter på lokaliteten er *ikkje* tillate[9].

3.2. Utsleppsreduserande tiltak

3.2.1. Fôring

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Fôrfaktor bør ikkje bli vesentleg høgare enn 1,0. Det er berre tillate å bruke tørrfôr, sjå definisjon i vedlegg 2.

---

[7] Jf. produktkontrollova § 3a

[8] Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

[9] Jf. ureiningsforskrifta kap. 25 om ureining frå vask og impregnering av oppdrettsnøter.

3.2.2. Dødfiskopptak

Død fisk skal i størst mogleg grad fjernast frå merdane før den går i oppløysing. Død fisk skal om mogeleg takast opp av sjøen minst kvar dag i sommarhalvåret og annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal opptaksfrekvensen aukast tilsvarande.

3.2.3. Oljehaldig avløpsvatn

Eventuelt oljehaldig avløpsvatn frå verkstad, motorrom eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeavskiljar eller tilsvarande reinseeining[10].

4. Lukt

Diffuse utslepp frå produksjons- og lagerområde m.m. som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest muleg. Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

5. Lys

Lys som vert nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved busetnad, fritidshus o.l.

6. Støy

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgivnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16.

Verksemda sine bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Tidsintervall	Utrekningsmåte	Måndag-fredag	Laurdag	Sundag/ heilagdag
Dag (kl. 07-19)	$L_{pAekv12h}$	55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Kveld (kl.19-23)	$L_{pAekv4h}$	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
Natt (kl. 23-07)	$L_{pAekv8h*}$ L_{A1}	45 dB(A) 60 dB(A)	45 dB(A) 60 dB(A)	45 dB(A) 60 dB(A)

For definisjonar sjå vedlegg 2.

Dersom støyen inneheld tydelege enkelttonar og/eller impulslyd, skal grenseverdiane for ekvivalentnivå reduserast med 5 dB.

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på anlegget og lossing/lasting av fisk, fôr og anna. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

[10] Jf. ureiningsforskrifta kap 15 om krav til utslipp av oljeholdig avløpsvann

Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg. Dette gjeld mellom anna skjerming av aggregat, vifter o.l.

7. Avfall

7.1. Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast avgrensa mest muleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta[11].

Avfall som oppstår i verksemda, skal søkast gjenbrukt i verksemda sin eigen eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – søkast nytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik nytte må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, samt krav fastsett i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Fylkesmannen.

Mellomlagring av avfall skal skje på særskild avsett område. Verksemda må kunne dokumentere levert avfallsmengde delt på ulike typar, og levering til godkjent mottak, jf. pkt 9.

Lagring av farleg avfall skal skje under tak og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Lagertankar for flytande avfall større enn 1 000 liter skal ha oppsamlingsvolum for tanken sitt volum. Anna lagring av farleg avfall skal skje på ugjennomtrengeleg fast dekke. Avfallstypar skal vere varig merkt. Farleg avfall kan ikkje blandast saman med anna avfall.

7.2. Organisk produksjonsavfall

Død fisk og anna organisk produksjonsavfall som fôrrestar, slam, feitt m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød, ved t.d. algeoppblomstring eller sjukdom.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppsamla organisk avfall som ikkje inneheld antibiotika skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetringsmiddel, og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk[12] på dette området.

Antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

7.3. Medisin og kjemikalrestar

[11] Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall

[12] Forskrift om transport og behandling av animalsk avfall, og anlegg som behandler animalsk avfall, Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, og anna relevant regelverk.

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld eventuelle oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.

8. Førebyggjande tiltak og beredskap mot akutt ureining

8.1. Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennom internkontrollen gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultata i forhold til akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt ureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan medføre akutt ureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

8.2. Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynlegheitsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

8.3. Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av ein miljørisikoanalyse og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til alle ei kvar tid representerer. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

8.4. Varsling av akutt ureining eller unormale driftstilhøve

Akutt ureining eller fare for akutt ureining skal varslast i høve til gjeldande forskrift[13]. Verksemda skal også så snart som mogleg og seinast nærast følgjande arbeidsdag, gje melding til Fylkesmannen.

Unormale driftstilhøve elles som ikkje vert omfatta av definisjon av akutt ureining, skal varslast til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast nærast følgjande arbeidsdag.

Fylkesmannen skal haldast skriftleg orientert om årsak til hendinga og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking.

[13] Forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining

9. Miljøinformasjon. Journalføring

Verksemda skal ha kunnskap om miljøpåverknaden frå eigen aktivitet og oversikt over annan relevant miljøinformasjon[14].

Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

Tema	Data
Produksjon	Fiskemengd i MTB og total årsproduksjon
Fôr	Fôrtypar og fôrforbruk
Avfall	Typar, mengder og disponeringsmåtar
Kjemikal	Typar og forbruk
Bruk av insekticid, avlusingsmiddel, o.l.	Typar og mengde
Bruk av antibiotika	Type og mengde
Oppsamla slam med antibiotika	Mengde og disponeringsmåte
Rømt fisk	Tal rømmingstilfelle og mengder rømt fisk

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 5 år og vera tilgjengeleg ved kontroll.

10. Miljøtilstand og overvaking av resipient. Rapportering til Fylkesmannen

10.1. Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere under anlegget eller i nærsona til anlegget.

I sedimenteringsområde for utslepp frå anlegget skal miljøtilstanden på sikt ikkje vere dårlegare enn klasse II "god" (jf. gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand[15]) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og den skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet i influensområde kring anlegget skal om sommaren ikkje vere dårlegare enn naturtilstandsklassa.

10.2. Krav til overvaking

Innan 1.7.2012, og sidan med jamne mellomrom, men minst kvart 5. år, må tilstanden i resipienten kartleggjast og klassifiserast. Miljøovervakinga skal femne om anlegga sine nærområde, overflatevatnet i influensområde, og djupvatn, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde. Rapport frå miljøgranskingar skal i grafisk og/eller tabellarisk form vise utvikling sidan siste gransking. Miljøgranskingar skal minst tilfredsstille krav sett til C-undersøking i Norsk Standard NS 9410[16] (*Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg*).

Jamleg skal det gjennomførast ei enkel strandsonesynfaring, der ein ved omtale og eventuell biletdokumentasjon gjer greie for synlege påverknader i nærområdet til anlegget.

---

[14] Jf. miljøinformasjonslova

[15] Direktoratsgruppa for Vanndirektivet, 2009: Veileder 01:2009 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eller seinare utgåve

[16] Standarden viser til NS-EN ISO 5667-19, NS-EN ISO 16665, NS-EN ISO 19493, prNS 9435 og Direktoratsgruppa for Vanndirektivet veileder 01:2009 som gjeld i tillegg.

Strandsonesynfaringa må gjennomførast i sommarhalvåret, og må omtale eventuell feittureining, grøne algar, lausøyre (forsøpling) og liknande tilhøve.

Verksemda pliktar å koste eller delta i granskingar som fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje ureiningseffekt i resipienten (jf. § 51 i ureiningslova). Verksemda kan òg etter pålegg frå fylkesmannen måtte betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei resipientgransking (enkeltståande eller vedvarande program) i området der anlegget er plassert.

10.3. Rapportering til Fylkesmannen

Resultat av overvaking av miljøtilstanden i resipienten skal rapporterast til Fylkesmannen fortløpande. Rapporten skal oversendast Fylkesmannen både i papirutgåve og på elektronisk format.

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorholdige organiske forbindelser	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan **(**2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromuskforbindelser:	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske forbindelser (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5

VEDLEGG 2

Definisjonar

Kjemikal Kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt i verksemda, slik som hjelpekjemikal som vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel m.m.

Fôring:

Tørrfôr Tørrstoffinnhald > 90 %.

Støy:

L_{pAekvT} Gjennomsnittleg ekvivalent støynivå for varierande støy, over ein bestemt tidsperiode T (for eksempel 4, 8 eller 12 timar).

$L_{pAekv8h^*}$**:** For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

L_{A1} Statistisk maksimalnivå, uttrykt som det støynivået som blir overskride i 1 % av tida.